

# Vedtekter for Normisjon Møtepunkt B

## §1 Basis

Normisjon Møtepunkt B er ei sjølvstendig kyrkje som er tilslutta Normisjon, og ønsker å stå i forlenginga av Den norske kyrkje.

Normisjon Møtepunkt B byggjer arbeidet sitt på Guds Ord og Dei evangelisk lutherske vedkjenningsskriftene.

## §2 Føremål

Normisjon Møtepunkt B vil formidle evangeliet om Jesus Kristus slik at menneske i Gloppen og omegn kan bli frelst, finne sin plass i det kristne fellesskapet og verte disiplar som i ord og gjerning vitnar om Guds kjærleik. Normisjon Møtepunkt B vil vidare bidra til Normisjon sitt arbeid for å nå nye generasjoner og folkeslag med evangeliet.

## §3 Sakramentsforvaltning

Sakramentsforvaltning skjer etter dei retningsliner som gjeld i Normisjon.

## §4 Medlemmar

Ein kvar som gjev tilslutning til føremålet og vedtekten til kyrkja og kan bli medlem i Normisjon Møtepunkt B. Medlemskapet stadfestast gjennom ein årleg medlemskontingent. Medlemmane oppmuntrast til å leve som kristne i samsvar med Guds ord og tene ut frå sine evner, ressursar og nådegåver. Ein treng ikkje avslutte evt. medlemskap i eit trussamfunn for å verte medlem av Normisjon Møtepunkt B.

## §5 Årsmøtet

Årsmøtet er det øvste organet i Normisjon Møtepunkt B .

### § 5.1 Tidspunkt og innkalling

Årsmøtet vert halde innan utgongen av mars kvart år. Dato for årsmøtet skal gjerast kjent minimum seks veker på førehand.

Styret er ansvarleg for innkalling til og gjennomføring av årsmøtet. Innkalling og saksdokument skal gjerast lett tilgjengeleg for medlemmane på ein tenleg måte seinast to veker før årsmøtet.

### **§ 5.2 Innsending av saker**

Saker som eit medlem ønskjer å fremje på årsmøtet, må sendast skriftleg til styret seinast fire veker før årsmøtet. Styret skal vurdere om saka skal opp på årsmøtet. Ei sak kan krevjast handsama av årsmøtet, uavhengig av styret si vurdering, dersom minimum 10 medlemmar med tale - og stemmerett skriftlig ber om dette innan 3 veker før årsmøtet.

### **§ 5.3 Tale – og stemmerett**

Tale – og stemmerett på årsmøtet har dei som har vore medlem i Normisjon Møtepunkt B i minst ein månad og er fylt 15 år. For å kunne bruke stemmeretten krevjast personleg oppmøte. Årsmøtet kan vedta at berre medlemmar, eller berre medlemmar med tale- og stemmerett, kan vere til stades på årsmøtet eller under handsaminga av bestemte saker på årsmøtet.

### **§5.4 Faste årsmøtesaker**

Berre saker som styret på førehand har sett på sakslista, kan handsamast på årsmøtet. Kvart år skal årsmøtet:

- a. Velje ordstyrarar, årsmøtereferent og to protokollunderskrivarar. Ordstyrar, referantar og underskrivarar må oppfylle krava til tale- og stemmerett i § 5.3
- b. Orienterast gjennom ein årsrapport
- c. Godkjenne årsrekneskap
- d. Godkjenne årsbudsjett
- e. Velje leiar for styret
- f. Velje medlemmar på val til styret
- g. Velje to vara-medlemmar til styret
- h. Velje valnemd
- i. Velje revisorar
- j. Fastsetje medlemskontingent

### **§5.5 Val av styreleiar**

Leiar for styret vert vald ved særskilt val for 1 år. Kandidat(ar) må vere medlem av Normisjon Møtepunkt B. Styreleiar kan sitte i inntil 6 år.

### **§5.6 Val av styremedlemmar**

Styret sine medlemmar veljast enkeltvis for 3 år. Kandidatar må vere medlem av Normisjon Møtepunkt B.

### **§5.7 Val av vara-medlemmar**

Årsmøte skal velje 2 vara-medlemmar til styret. Desse vert valde for 1 år. Kandidatar må vere medlem av Normisjon Møtepunkt B.

### **§ 5.8 Avstemming og fleirtalskrav**

Vedtak på årsmøtet skjer ved avstemming. På årsmøtet skal ei avstemming skje skriftleg dersom minst tre medlemmar med tale- og stemmerett krev dette. Vedtak på årsmøtet krev simpelt fleirtal, med unntak av dei spesielle fleirtalskrava for vedtektsendringar i § 9.2 og unntak frå vedtekten i § 9.4. Ved stemmelikskap har ordstyraren dobbeltstemme.

### **§ 5.9 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte skal holdast dersom styret eller 1/4 av medlemmane krev det.

## **§6 Styret**

### **§ 6.1 Samansetting**

- a) Styret er samansett av 4 medlemmar, inklusiv styreleiar. Evt. tilsett dagleg leiar møter også, og fungerer som sekretær for styret.
- b) Styret er vedtaksdyktig når minst tre av styremedlemmane er tilstade.
- c) Vedtak i styret krev simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme.

### **§ 6.2 Oppgåver**

- a) Styret har det overordna ansvaret for leiinga av Normisjon Møtepunkt B.
- b) Styret skal leie kyrkja ut ifrå visjon, verdiar og vedtekne målsetningar, og skal sørge for at kyrkja sitt føremål vert ivareteke.
- c) Styret er ansvarleg for at drifta og økonomien i Normisjon Møtepunkt B, herunder at innsamla midlar og eigendelar forvaltast på ein forsvarleg måte.
- d) Styret skal sørge for gode kontrollrutinar for rekneskap og formueforvalting.
- e) Styret kan tilsetje eller leige inn dagleg leiar og/eller andre løna medarbeidarar innanfor budsjettamma som årsmøtet har vedteke.

- f) Styret skal vere administrativ overordna for dagleg leiar, og utarbeide stillingsinstruks for stillinga.
- g) Styret kan oppnemne og lage instruksar til dei komitéar og arbeidsgrupper som dei ser behov for.

### **§ 6.3 Styremøter**

- a) Styret skal møtast regelmessig. Styreleiar kallar inn til møte. To styremedlemmar kan krevje at det skal kallast inn til møte.
- b) Alle som møter i styret, er underlagt dei allmenne reglane om habilitet. Dersom ein person er inhabil i ei sak, skal vedkomande trekke seg tilbake når saka vert handsama. Vedkomande skal, etter å ha gjort greie for sitt syn, også trekke seg tilbake under diskusjonen av den eventuelle inhabiliteten.
- c) Det skal skrivast vedtaksreferat frå alle styremøter. Ved dissens skal det gå fram korleis den enkelte stemte. Eit mindretal kan krevje å få dissensen med grunngjeving ført inn i referatet.
- d) Alle medlemmar i Normisjon Møtepunkt B med tale- og stemmerett har rett til å få sjå styrererferata. Innsynsretten gjelder likevel ikkje for saker som omhandlar personalforhold eller som av andre årsaker er konfidensielle.

## **§7 Forpliktande underskrift**

Styreleiar og nestleiar/evt. tilsett dagleg leiar forpliktar i fellesskap kyrkja med sine underskrifter.

## **§8 Tilknyting**

Normisjon Møtepunkt B er ei sjølvstendig eining tilslutta Normisjon, og Normisjon fører tilsyn med kyrkja. Normisjon Møtepunkt B kan melde seg ut av Normisjon ved å vedta dette med tre fjerdedels fleirtall på 2 påfølgjande ordinære årsmøter.

## **§9 Vedtekter**

### **§ 9.1 Endringar**

Vedtektsendringar kan berre skje på ordinære årsmøter og må ikkje stå i strid med Normisjon sine grunnreglar. Endringar av prinsipiell karakter skal drøftast med Normisjon.

### **§ 9.2 Fleirtalskrav**

Vedtektsendringar krev tre fjerdedels fleirtal. Vedtektsendringar i paragraf 1, 2, 3 og 10 krev tre fjerdedels fleirtal på 2 påfølgjande årsmøter for å verte vedtekne.

### **§ 9.3 Unntak frå vedtekten**

Årsmøtet kan med tre fjerdedels fleirtal gjere unntak frå vedtekten i forhold til krav til antal medlemmar i styret, og endre lengda på antal år styremedlemmane veljast for, inntil +/- eitt år.

### **§ 9.4 Tilgang**

Vedtekten skal til ei kvar tid vere allment tilgjengelege på Normisjon Møtepunkt B sine internetsider, og i papirform/elektronisk om ein spør styret om det.

## **§10 Opplysing**

Skulle Normisjon Møtepunkt B, etter samråd med Normisjon, finne det naudsynt å innstille arbeidet sitt, eller vedta at kyrkja oppløysast, fell alle midlar, eigendelar og rettar til Normisjon region Sogn og Fjordane.